



ÅRSRAPPORT

2023 – 2024



Mobbeombudet
Elev- og lærlingombudet
Møre og Romsdal

1. Frå omboda

Ombodsblikket er omboda sitt perspektiv på barn og unge si opplæring og læringsmiljø, basert på førespurnadar og erfaringar frå møte med barn, unge, foreldre og tilsette. Rapporten set søkelys på fleire tema:

1. **Barnehagen – få førespurnadar:** Det er få førespurnadar om barnehagemiljøet, noko som uroar omboda. Mobbing finst i barnehagen, men lovverket om psykososialt miljø er ikkje godt nok implementert, noko som kan føre til at uheldige sosiale mønster og mobbing kan gå under radaren.
2. **Mobbing i skolen:** Det er ein bekymringsfull auke i mobbetala. Mobbing er ofte eit symptom på underliggjande utfordringar i læringsmiljøet. Elevane si stemme er avgjerande for å forstå utviklinga og å førebygge og handtere mobbing.
3. **Samarbeid mellom skole og foreldre:** Godt samarbeid har positiv innverknad på elevane si læring og trivsel. Det er behov for betre samarbeid og mindre polarisering mellom skole, foreldre og elevar.
4. **Ufrivillig skolefråvær:** Skolefråvær startar før sjølv fråværet. Skolen må tidleg gå i dialog med eleven og foreldra for å fremme meistring og nærvær og hindre utvikling av fråvær. Det er behov for betre system og rutinar for oppfølging.
5. **Lærlingar i kjønnsdominerte bransjar:** Auke i talet på lærlingar i kjønnsdominerte yrke er positivt, men utfordringar som fordomsfull humor og manglande fasilitetar må blir tatt tak i.
6. **Heving av lærekontrakt:** Mange lærlingar opplever utfordringar i læretida. Eit godt lag rundt lærlingen er avgjerande for å handtere utfordringar og hindre heving av kontrakten. Bedrifter må vere bevisste på arbeidsmiljøet og støtte lærlingane.

I denne rapporten ønsker vi å belyse enkelte endringar i den nye opplæringslova og kome med anbefalingar i høve desse endringane. Omboda har eit håp om at den nye lova vil motivere kommunane og fylkeskommunen til å gå gjennom arbeidet sitt og gjere nødvendige endringar til det beste for barn og unge. Vi meiner lovendringane kan vere ei drivkraft for å styrke opplæringa, læringsmiljøet og skoledemokratiet, og vi oppmodar til å ta denne moglegheita på alvor.



Foto: Tindh

Møre og Romsdal fylkeskommune, 06.11.2024

Kristin Øksenvåg

Kristin Øksenvåg

Mobbeombod


barnehage og grunnskole

Tove R. Stranden

Tove Regine Stranden Hammerø

Elev- og lærlingombod

vidaregåande opplæring



Innhold

1. Frå omboda	1
2. Anbefalingar	5
Barnehage	5
Skole	6
Vidaregåande opplæring i bedrift	7
3. Om ombodsordningane	8
4. Førespurnadar	9
Omfang	9
Kven tok kontakt	10
5. Ombodsblikket	12
Barnehage – kvifor så få førespurnadar?	13
Fleire opplever mobbing – kvifor?	15
Det superviktige samarbeidet – kvifor gjer vi ikkje meir av det?	17
Ufrivillig skolefråvær – system error?	21
Læringar i kjønnsdominerte bransjar – kultur eller ukultur?	25
Heving av lærekontrakt – den enklaste løysinga?	27
6. Førebyggjande arbeid	29
7. Arbeid på samfunnsnivå	33
8. Vegen vidare barnehage- og skoleåret 2024–2025	34
Kjelder	35

Om hjelpeskunsten

Av Søren Kierkegaard (1851)

Hvis det i sannhet skal lykkes å føre et menneske hen til et bestemt sted, må man først passe på å finne ham der hvor han er og begynne der.

Dette er hemmeligheten i all hjelpeskunst.

For å kunne hjelpe en annen, må jeg forstå mer enn ham, men dog først og fremst forstå det han forstår. Når jeg ikke gjør det, så hjelper min merforståelse ham slett ikke. Vil jeg likevel gjøre min forståelse gjeldende, så er det fordi jeg er forfengelig og stolt, så jeg i stedet for å gavne ham egentlig vil beundres av ham,

Men all sann hjelpeskunst begynner med ydmykelse. Hjelperen må først og fremst ydmyke seg under den han vil hjelpe, og derved forstå at det å hjelpe ikke er å herske, men å tjene.

Dersom du ikke kan begynne således med et menneske at han kan finne en sann lindring i å tale med deg om sin lidelse, så kan du heller ikke hjelpe ham. Han lukker seg for deg, han lukker seg inne i sitt innerste – og prek du så for ham.

2. Anbefalingar

Omboda sine anbefalingar er forankra i omboda sitt arbeid gjennom året. Anbefalingane er retta mot kommunane i Møre og Romsdal, fylkeskommunen og private aktørar som har ansvaret for at krava i lovverket blir oppfylte, og som skal sørgje for tilgjengelege ressursar for å oppnå dette.

Barnehage

Økt opplæring og rettleiing

- **Kommunen** og **lokal barnehagemyndigheit** må gi dei tilsette i barnehagane grundig opplæring i regelverket om psykososialt barnehagemiljø og korleis dei kan førebygge, identifisere og handtere krenkingar og mobbing. Dette inkluderer også systematisk rettleiing av tilsette og leiarar etter behov.

Bemanning og struktur

- **Kommunen** må sikre tilstrekkeleg bemanning og betre organisering i barnehagane for å gi tilsette tid og ressursar til å jobbe med psykososialt miljø. Dette inkluderer fleire felles møtepunkt og betre planlegging.

Systematisk oppfølging

- **Kommunen** må ha oversikt over og følgje opp talet barnehagemiljøsaker i einingane.

Informasjon til foreldre

- **Kommunen** må sikre at alle foreldre blir gjort kjende med lovverket og barnehagen sine plikter når barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen



Skole

Mobbing

Involver elevane aktivt i arbeidet mot mobbing

- **Kommunen og fylkeskommunen** må sørge for at skolane aktivt involverer elevane som «medforskarar» i arbeidet mot mobbing. Elevane si innsikt og erfaringar er verdifulle for å kunne førebygge og handtere mobbing meir effektivt.

Arbeid systematisk med klassemiljøet heile året

- **Kommunen og fylkeskommunen** må sikre at skolane jobbar systematisk med å skape trygge og inkluderande klassemiljø gjennom heile året. Dette inneber:
 - Støtte lærarane i å bygge gode relasjonar med elevane og skape eit trygt læringsmiljø
 - Gjennomføre aktivitetar som fremmer fellesskap og inkludering i undervisninga i fag og elles.
 - Sørge for ressursar og opplæring til lærarane for å hjelpe dem i dette arbeidet.

Anerkjenn og bruk ulike perspektiv i mobbesaker

- **Kommunen og fylkeskommunen** må sikre at skolane har god kompetanse til å følge opp arbeidet med mobbesaker slik at dei ulike forståingane av og perspektiva i saka blir ivaretatt.

Skolefråvær

System for oppfølging av fråvær

- **Kommunen og fylkeskommunen** må gi tydelege føringar for korleis oppfølgingsplikta skal gjennomførast i praksis. Føringane må sørge for at:
 - Eleven sine rettar blir ivaretatt, oppfølginga er tilpassa eleven og bidreg til meistring og nærvær i skolen.
 - Arbeidet rundt eleven er heilskapleg og koordinert
 - Fagfolk har oppdatert kunnskap og ei felles forståing av skolefråvær
- **Kommunen og fylkeskommunen** må følge opp oppfølgingsplikta gjennom internkontroll.



Skoledemokratiet i skolereglane

- **Kommunen og fylkeskommunen** bør vere ein tydeleg retningsvisar og bruke skolereglane (opplæringslova § 10-7) til å sette ein felles standard for foreldre si rolle og medverknad i skoledemokratiet. Dette vil bidra til å oppnå føremålet med opplæringa og til større likskap og kvalitet i skolemiljøet mellom skolane i kommunen/fylkeskommunen.
- **Kommunen og fylkeskommunen** bør gjennom internkontroll sikre at skolane følgjer opp regelverket om skoledemokrati (oppl. §§ 10-4 og 10-5).
- **Fylkeskommunen** opprettar eit pilotprosjekt med arbeidsutval for foreldre (FAU) i vidaregåande skole for å sikre god foreldremedverknad i skoledemokratiet.

Vidaregåande opplæring i bedrift

- **Fylkeskommunen** må sikre at alle lærebedrifter i kjønnsdominerte bransjar følgjer lov og forskrift gjennom dialogmøte og ei eiga temasamling.
- **Fylkeskommunen** må gi tydelege skriftleg krav til utbetring for lærebedrifta der det blir avdekt brot på lærlingen¹ sine rettar
- **Fylkeskommunen** må gjere ei grundig skriftleg vurdering av om bedrifta har gjort det dei kan for at lærlingen skal kunne halde frem opplæringa i saker der det blir søkt om heving av ein lærekontrakt




¹ I rapporten blir omgrepet lærling brukt, det skal omfatte alle som får vidaregåande opplæring i bedrift


4. Førespurnadar

Gjennom skoleåret 2023–2024 var det totalt 201 personar som tok kontakt med omboda for støtte og råd knytt til utfordringar i barnehage, skole eller opplæring i bedrift. Talet på førespurnadar er litt lågare enn året før.

Omfang




Figur 1 Førespurnadar barnehage- og skoleåret 2023–2024 fordelt på årstrinn



Figur 2 Førespurnadar sidan oppstarten av ombodsordningane

Kven tok kontakt



Figur 3 Kven tok kontakt med omboda 2023–2024

Barnehage og grunnskole

Mobbeombodet mottar færrest førespurnader som gjeld dei yngste barna (barnehage og småtrinn) og flest som gjeld dei eldste (5.–7. trinn og 8.–10. trinn). Det er hovudsakleg foreldre som tek kontakt med ombodet for råd og støtte. Både Elevundersøkinga og Ungdataundersøkinga viser at utrygt miljø og mobbing er mest utbreidd på desse trinna.

Vidaregåande opplæring

Likt som tidlegare år er det på vidaregåande nivå i stor grad ungdom sjølv som tek kontakt med ombodet. Dei ønsker ofte informasjon, og kanskje råd og støtte til korleis dei skal ta saka si vidare. Nokon ønsker også at ombodet blir med i saka vidare. Når føresette tek kontakt med ombodet er det gjerne saker knytt til ungdommen sitt læringsmiljø, der dei opplever at skolen/lærebedrifta ikkje gjer det dei skal for at ungdommen har ein trygg opplæringsarena.




Foto: Tingh



5. Ombodsblikket

Ombodsblikket er omboda sitt perspektiv på barn og unge si opplæring og læringsmiljø. Det er forankra i førespurnadane vi får og erfaringane vi gjer oss i møte med barn, unge, foreldre og tilsette i systema rundt dei. Det er også forankra i lovverk og verdier og prinsipp for barnehage og grunnsopplæringa.

I rapporten vil vi spesielt rette ombodsblikket mot desse temaa:

- 
- A photograph of a classroom. In the foreground, there are several light-colored wooden desks and bright orange plastic chairs. In the background, a large blackboard with a wooden frame is mounted on a light blue wall. The blackboard contains a list of six topics in white text, each preceded by a small circle. The floor is covered with grey square tiles.
- Barnehagen – kvifor så få førespurnadar?
 - Fleire elevar blir mobba – kvifor?
 - Det superviktige samarbeidet – kvifor gjer vi ikkje meir av det?
 - Skolefråvær – system error?
 - Læringar i kjønnsdominerte bransjar – kultur eller ukultur?
 - Heving av lærekontrakt – den enklaste løysinga?

Barnehage – kvifor så få førespurnadar?

Talet på førespurnadar om barnehagemiljøet er lågt i Møre og Romsdal, som i landet elles. I møte med barnehagar får vi inntrykk av at dei også har få barnehagesaker. Dette uroar. Finst det ikkje mobbing i barnehagane, eller kan det vere andre forklaringar?

Fakta: Kva er ei barnehagemiljøsak?

Når tilsette i barnehagen har mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har det trygt og godt i barnehagen, skal barnehagen undersøkje saka og sette inn tiltak for å rette opp situasjonen (jf. barnehagelova §§ 42 og 43). Ombodet omtalar dette som ei barnehagemiljøsak.


Omboda erfarer

Mobbing finst i barnehagen. Det veit vi både gjennom ombodsarbeidet i barnehage og skole, og gjennom forsking. Derfor vart nytt regelverk om psykososialt barnehagemiljø innført 1. januar 2021 (Barnehagelova kap. VIII Psykososialt barnehagemiljø).

Lova om psykososialt barnehagemiljø er ikkje godt nok implementert i barnehagane. Vi ser at regelverket blir forstått og følgt ulikt, spesielt når det gjeld kva som er ei barnehagemiljøsak og korleis ein skal utføre aktivitetsplikta (barnehagelova § 42). Styrarar seier det er vanskeleg å formalisere arbeidet med barnehagemiljøsaker på grunn av barnehagen sin struktur og organisering. Det er få felles møtepunkt mellom tilsette i løpet av dagen, og dårleg bemanning gir lite tid til informasjonsdeling, refleksjon og heilskapleg arbeid med enkeltsaker og barnehagemiljøet.

Manglande forståing og etterleving av regelverket gjer at vi er uroa for at barn sin trivsel, fungering og utvikling ikkje blir sett i samanheng med påverknadar frå omgivnadane rundt barnet i barnehagen. Det kan føre til at uheldige sosiale mønster går under radaren til tilsette og begynnande mobbeåtferd får utvikle seg.

Barnehagen si forståing, implementering og etterleving av barnehagelova kap. VIII om psykososialt barnehagemiljø vart evaluert i 2024(1). Funna i evalueringa overraskar ikkje og stadfestar det vi har *antatt* kan vere grunnar til at det er så få barnehagemiljøsaker i barnehagane og førespurnadar til omboda. Evalueringsrapporten viser eit utfordringsbilde vi har omtala og kome med anbefalingar til i årsrapportane for 2021–2022 og 2022–2023(2). Omboda har tidlegare peika på at barnehagebarn ikkje har like god rettstryggleik som skoleelevar (Årsrapport 2021–2022), noko vi meiner denne evalueringsrapporten stadfestar. Omboda bidrog i evalueringa saman med andre fylkesvise ombod for barnehagebarn.



Figur 4: Funn i evaluering av barnehagesektor si forståing, implementering og etterleving av barnehagelova kap. VIII Psykososialt miljø


Fleire opplever mobbing – hvorfor?

Elevundersøkinga og Ungdataundersøkinga viser at dei fleste barn og unge i Møre og Romsdal har det bra, men begge undersøkingane avdekkjer ein bekymringsfull auke i mobbetala i skolane. Det er ikkje eintydig svar på kvifor, men vi veit at det er mange faktorar som spelar inn.

Gjennom fleire år har omboda omtalt tematikken i årsrapportane og gitt råd basert på det vi ser som viktig i det førebyggjande arbeidet og i handteringa av mobbing og utrygge skolemiljø. Mobbing er ofte eit symptom på fleire underliggjande utfordringar i elevane sitt læringsmiljø og må sjåast i samanheng med klasseleiing, motivasjon, fagleg meistring, klassemiljø og medverknad.

Omboda erfarer

Barn og unge er viktige «medforskarar». For å forstå tala frå Elevundersøkinga og Ungdataundersøkinga, er elevane si stemme avgjerande, både som gruppe og som enkeltindivid. Omboda finn det nyttig å diskutere tala med ungdommane sjølv. Dei har verdifull innsikt og erfaringar som laget rundt elevane treng for å kunne førebygge, handtere og forstå mekanismene bak mobbing. Dei har ei viktig rolle i å «dekod» tala frå undersøkingane.



Figur 5 Frå workshop hos Ungdomsrådet i Vestnes 12.03.24



Mobbeombudet i Møre og Romsdal

12. mars · 🌐

I dag har mobbeombudet møtt alle ungdomsråda i Romsdal. Vi snakka om dei urovekkande mobbetala i Elevundersøkinga 2023 og drøfta kva som kan ligge bak tala. Ombudet fekk mange gode og reflekterte innspel frå ekspertane, nemleg ungdommane våre. Tusen takk!

Trygge og inkluderande klassemiljø er ferskvare. Relasjonar og normer i ei klasse er i konstant endring. Omboda har tidlegare understreka kor viktig oppstarten på skoleåret er for å skape gode klassefelleskap, men eit godt klassemiljø krev systematisk arbeid gjennom heile året. Lærarane må **jobbe med trygt miljø og relasjonsbygging i undervisninga**, sjølve kjerneverksemda i skolen, *i tillegg til* andre fellesskapande aktivitetar ein gjer på skolen.

Ulike perspektiv i arbeid med mobbing.

Det er fleire partar i ei mobbesak. Det blir ofte sagt at partane i ein mobbesak må ha ei felles forståing av situasjonen til barnet. Men er det mogleg? Partane har ofte ulike perspektiv og forståingar. Kanskje vi heller

skal anerkjenne desse forskjellane og bruke dei til å utvikle ei heilskapleg tilnærming for å rette opp situasjonen og gi elevane eit tryggare skolemiljø.

Rust opp, ikkje ned. Utfordringane i skolen, som auke i mobbing, vald, skolefråvær og nedgang i motivasjon, står ikkje i stil med kutta i skolesektoren. Færre lærarar, kutt i spesialundervisning og lang ventetid hos PPT og BUP skapar ikkje eit trygt og inkluderande skolemiljø. Vi oppmodar dykk, som politikarar, til å prioritere skolesektoren og sikre nødvendige ressursar. Ved å ruste opp skolen, investerer vi i framtida til barna våre og samfunnet vårt.



Figur 6 Kronikk om skolestart publisert på rbnett.no 19.08.24.



Elev- og lærlingombudet i Møre og Romsdal

9. april · 🌐

I dag har vi vært på besøk i [Vestnes kommune](#), og sammen med blant annet ungdomsrådet, elevråd fra ulike skoler i kommunen, ordfører og andre fra kommunestyret, FAU-representanter og rektorer har vi diskutert nettopp dette: Hva ligger bak tallene knyttet til mobbing, og hvorfor har rapporteringen av mobbing gjennom Elevundersøkelsen økt så voldsomt det siste året?👀

👏 Takk til ungdomsrådet for godt arbeid, og et bra gjennomført arrangement! Dette er ungdomsengasjement og medvirkning på høyt nivå! 💖💪

Det superviktige samarbeidet – kvifor gjer vi ikkje meir av det?

Forsking viser at et godt samarbeid mellom skole og foreldre har betydeleg positiv innverknad på elevane si læring, trivsel og utvikling. Skolen står ovanfor fleire store utfordringar som påverkar elevane si læring og trivsel, som den ikkje kan eller skal ordne opp i åleine. Gjennom media får vi inntrykk av auka polarisering mellom dei viktigaste samarbeidspartane i skolen, nemleg elevar, foreldre og skole. Omboda meiner vi må samarbeide meir enn nokon gong.

Omboda erfarer:

Der skolar og foreldre samarbeider godt, pregar dette skolekulturen positivt og kjem elevane til gode. Mange foreldre ynskjer å bidra og vere ein ressurs for skolen.

Manglande samarbeid og samhald i foreldregruppa pregar fleire av førespurnadane. Foreldre kjenner ikkje kvarandre, og det er lite samarbeid. Konflikhtar mellom vaksne kan bli elevane sine konflikhtar og omvendt. Foreldre blir dermed ein del av utfordringa i staden for løysinga. Det er eit stort forbettringspotensial i samarbeidet mellom skole og foreldre på trinn- og klassenivå.

Skolen opplever dårleg oppmøte på foreldremøte og temakveldar. Foreldra opplever lite rom for medverknad og veit ikkje heilt kva dei kan medverke om.

Det er stor variasjon i korleis skolane legg til rette for foreldremedverknad i skoledemokratiet. Ofte er det opp til den enkelte rektor eller lærar, med lite føringar frå skoleeigar. Dette fører til ein tilfeldig praksis som ikkje byggjer opp om det felles oppdraget foreldre og skole har.



Nyheitsbildet 2023–2024

Advarer mot foreldres makt i skolen: – Det er på tide å dra i bremsen

Kravstore foreldre – tidstyver for lærere

Mange lærere synes kontakten med foreldre er blitt for mye av en tidstyver som stjeler fra undervisningen. I gjennomsnitt bruker hver lærer tre klokke timer ukentlig på foreldre henvendelser.

Stavanger Aftenblad

Lærere må være psykologer, sosialarbeidere og renholdere: Dynges nå også ned av detaljerte krav fra foreldre

«Mitt barn ønsker ikke å sitte ved sappelbatta». «Kan du greie håret til Emilie? Vi fikk ikke tid». De siste årene har skolen sett en tendens til at kravene fra elever og foreldre blir mer individuelle og detaljerte.

Påla skolene å anmelde alle elever ved vold og trusler. – Ulovlig, sier kommunedirektøren.

Bystyret i Kristiansand påla skolene å politianmelde og varsle foresatte ved alle alvorlige hendelser. Så måtte de trekke vedtaket. – Bystyret har fått en juridisk smekk på fingrene, sier kommunens elevombud.

Nye tall fra Ungdata: Mobbing og vold øker

Uheldig polarisering!

Diskursen rundt elevar, foreldre og skole i media er prega av fleire komplekse og ofte motstridande narrativ, som valdelege elevar, kravstore foreldre og makteslause lærarar. Dette er med på å påverke og forme oppfatningar og haldningar i samfunnet. Ei slik polariseringa skapar ein bekymringsfull situasjon, der nyansar og kompleksitet går tapt.

Elevar, foreldre og skole skal og må vere samarbeidspartar, og ikkje motpartar.

Vi har alle eit ansvar for å sørge for at det skjer.



Skoledemokratiet i ny opplæringslov

Skole og heim har eit felles oppdrag med å gjere elevane trygge og førebudd på framtida.

Med auke i mobbing, skolefråvær, vald og trugslar, må vi samarbeide tettare enn nokon gong for å byggje eit tillitsfullt forhold mellom skole og heim. **Ny opplæringslov** tydeleggjer foreldresamarbeid og foreldremedverknad i skolen. Skolen må ta ansvar for skoledemokratiet og sikre god medverknad. Skoleeigar må vere ein tydeleg retningsvisar. Foreldre må engasjere seg og vere medvitne om rolla og ansvaret dei har i skolefellesskapet, ikkje berre for eget barn, men for alle barna.

§ 10-4 Skoledemokratiet

Skolen skal sørge for at elevane og foreldra får vere med på å planleggje, gjennomføre og vurdere verksemda til skolen, mellom anna arbeidet med skolemiljøet, kvalitetsutvikling i opplæringa og fastsetjinga av skolereglar. Elevane skal ikkje delta i behandlinga av saker som er omfatta av lovfesta teieplikt (...)

§ 10-5 Organisering av skoledemokratiet

- Kvar grunnskole og vidaregåande skole skal ha eit elevråd som er valt av elevane ved skolen. Elevane kan velje å organisere seg på ein annan måte.
- Kvar grunnskole skal ha eit arbeidsutval som er valt av foreldra på skolen. Foreldra kan velje å organisere seg på andre måtar.
- Kommunen og fylkeskommunen skal sørge for at det blir fastsett kva for andre brukarorgan skolane skal ha.
- Elevane og foreldra skal vere representerte i organ ved grunnskolar, og elevane skal vere representerte i organ ved vidaregåande skolar.
- Representantar for elevane i den vidaregåande opplæringa har møte- og talerett i fylkeskommunale nemnder på same måten som dei tilsette har etter kommuneloven § 13-4.

Ufrivillig skolefråvær – system error?

Ufrivillig skolefråvær er ein del av utfordringane i førespurnadane til omboda. Mange av elevane vi møter har hatt eit langvarig fråvær, og dei har få relasjonar med jamaldringar, lite kontakt med skolen og manglande kjensle av meistring. Vi omtala problematikken grundig i årsrapporten for 2021–2022. To år seinare har skolane, fylkeskommunen og kommunane framleis ein veg å gå for å førebygge fråvær og hjelpe elevar tilbake til skolen. Det er på høg tid å gjere noko med systema rundt barn og unge. Kan den nye oppfølgingsplikta bidra til det?

Omboda erfarer

Skolefråværet startar før elevar blir borte frå skolen. Når elevar viser teikn på at skolen ikkje er bra for dei, må varsellampa lyse. Teikn kan vere at eleven gruar seg, har diffuse plager, låg meistringsfølelse, motstand, uro, einsemd eller sensoriske/eksekutive vanskar. Skolen må straks gå i dialog med eleven og foreldra for å gjere skolekvardagen tryggare og betre, og hindre at fråvær utviklar seg.

Elevane opplever at dei ikkje blir tatt på alvor av profesjonelle vaksne i skolen. Å bli lytta til og tatt på alvor er ein rett barn og unge har, og nødvendig for å sette inn tiltak som verkar. Fagpersonane si forståing og haldningar til fråværsproblematikk påverkar korleis elevar blir møtt og støtta. Ufrivillig skolefråvær er eit symptom på at noko ikkje er som det skal, ofte med fleire og samansette årsaker. Gjennom forskning har vi god kunnskap om ulike årsaker til at elevar strevar med å gå på skolen(4). Vi må alltid sjå fråværet i samanheng med skolemiljøet; eleven sin trivsel, tryggleik og faglege og sosiale meistring.



Elevane fell mellom stolar i hjelpesystemet. Velferdstenestene skal sørge for at barn og unge får rett hjelp til rett tid(5). Elevar og foreldre opplever at det er vanskeleg å få hjelp når elevar utviklar fråvær. I fleire av sakene vi er involverte i, har barn og unge behov for eit samansett tenestetilbod, og kommunen si samordningsplikt er utløyst. Likevel får ikkje barn og unge den hjelpa dei treng.

Uklart kven som er på laget rundt eleven. Omboda etterspør alltid laget rundt eleven og kva ansvar og myndigheit dei ulike tenestene har. Dessverre ser vi ofte eit system som ikkje er rigga for elevar som ikkje får til å gå på skolen. Det er ulovleg lang ventetid hos fleire PP-tenester, og ofte får kontaktlærarar hovudansvaret for å følgje opp elevar som ikkje er på skolen. Skolar vil gjerne, men følgjer ikkje opp tiltak som er bestemt. Vi ser avmakt, skuldfordeling og fleire lovbrøt i same sak. Vi ser system som ikkje fungerer, både fordi det ikkje er utarbeidd rutinar og rettleiarar for handtering av ufrivillig skolefråvær, eller fordi rutinane ikkje er implementerte i einingane. **Vi ser elevar som har gitt opp.** Omkostningane er store både for eleven, familien og samfunnet.

Ny oppfølgingsplikt – frå system error til system success?

Den nye opplæringslova pålegg kommunen og fylkeskommunen ei plikt til å følgje opp elevar som har fråvær frå opplæringa frå dag ein. Lova gir eit stort handlingsrom for kommunen og fylkeskommunen, og dei avgjer sjølv korleis elevane skal følgast opp.



Opplæringslova § 10-6:

«Kommunen og fylkeskommunen skal sørgje for at elevar med fråvær frå opplæringa blir følgde opp.

Kommunen og fylkeskommunen må omsette lova om oppfølgingsplikta til ein praksis som gagnar elevane. Dette er noko vi vil kjem til å følgje nøye med dette skoleåret. Vi ser lovendringa som eit signal om at systema rundt elevar med skolefråvær, eller dei som er i risiko for å utvikle det, *må* endrast og i større grad tilpassast elevane sine behov.

For å få bukt med ufrivillig skolefråvær, må kommunen og fylkeskommunen mellom anna ha gode system og rutinar for registrering av *ulike* typar fråvær, for avdekking av årsaker til fråvær og for oppfølging av elevar med fråvær. Like viktig er det at oppfølgingsplikta også rettar fokus på systematisk og kontinuerleg nærværarbeid i skolane, og sørger for at skolane har den nødvendige kompetansen og kapasiteten for å lukkast. **Nærværarbeid omfattar alt som skjer i skolen og gjeld alle tilsette.**

«Bekymringsfullt fravær er ikke elevens ansvar. Dere som jobber på skolen bør arbeide forebyggende med nærværstiltak, identifisere begynnende fravær utfordringer og følge opp bekymringsfullt fravær. Fravær krever oppfølging fra skolen, uansett hva som er årsaken til fraværet. Det er viktig at dere tilpasser oppfølgingen til hver enkelt elev.»
(Utdanningsdirektoratet. 2024)



Figur 7 og 8: Frå pilot om skolefråvær ved Ørsta vgs

Lærlingar i kjønnsdominerte bransjar – kultur eller ukultur?

I Møre og Romsdal, og landet elles, ser man ei auke i søkinga til yrkesfag, og fleire vel no å gå inn i tradisjonelt sett kjønnsdominerte yrker. Talet på kvinnelege lærlingar i mannsdominert utdanningsprogram har auka betrakteleg⁽⁶⁾, og det har og vore ei auke blant mannlege lærlingar i nokre av dei kvinnedominerte yrka⁽⁷⁾.

Dette er ei positiv og ønska utvikling, og mange lærebedrifter har erfart at det å gjere utradisjonelle kjønnsval i tilsettinga får positive effektar på arbeidet generelt og miljøet i bedrifta spesielt. Mange av ungdommane ombodet møter har blitt tatt godt imot i lærebedrifta, og dei fortel at dei kjem til bedrifter med stor takhøgde, rause og morosame arbeidsmiljø og gode mogelegheiter til å få utfordre seg fagleg. I den andre enden møter ombodet lærlingar som ikkje har tilgang på toalett og garderobe, som ikkje får arbeidskle i riktig størrelse, som opplev grovt språk og som blir utsett for seksuell trakassering. Slike opplevingar gir ein dårleg start på arbeidslivet, og vil i verste fall føre til at ungdommen fell ut av opplæringa. Det er viktig at lærebedrifta har eit bevisst forhold til utfordringar knytt til kjønnsdominert arbeidsplassar og -miljø, slik at desse kan førebyggast.

Omboda erfarer

Fordomsfull humor utfordrar læringsmiljøet. Denne type humor er prega av stereotypiar og fordommar mot ulike grupper menneske, og kan vere både nedlatande og diskriminerande. I saker der lærlingar tek kontakt fordi dei opplev eit utrygt arbeids- og læringsmiljø, så ser vi at fordomsfull humor og ukultur på arbeidsplassen kan vere ein medverkande årsak til at læreforhaldet blir utfordrande for lærlingen. Dette er tematikk vi ser at det er krevjande for bedrifta å ta tak i og å løyse. Mange forklarar dette med at «det har alltid vore slik her, de meiner ikkje noko med det..».

Læringer i ein kjønnsdominert bransje fortel om eit auka forventningspress. Mange blir utfordra av stereotype oppfatningar knytt til kjønn i det yrket dei utdannar seg til. De fortel at dei arbeider ekstra hardt for å «bevise» at dei kan faget, og at dei klarer å gjennomføre arbeidsoppgåvene sine på lik linje med dei andre tilsette i bedrifta.

Det manglar riktige arbeidsklede, tilgang på garderobe og toalett for læringer.

Læringer har lik rett som andre tilsette på dette uavhengig av kjønn. Vi blir kjent med læringer som ikkje har arbeidskle som passar dei i størrelse og form, nokon har ikkje har tilgang på garderobe dei kan skifte i og nokon har ikkje tilgang på toalett når dei er ute på oppdrag. Dei som opplev at dette ikkje er på plass fortel at dette påverkar arbeidskvardagen deira både når det kjem til trivsel, hygiene, arbeidsmiljø og sikkerheit. Fleire fortel også at dei møter motstand hjå sine leiarar når dei tek opp problemstillingane knytt til dette.



Foto: Tingh

Heving av lærekontrakt – den enklaste løysinga?

Mange av dei som tek kontakt med ombodet, opplever utfordringar i læretida. Årsaka til utfordringane er mange, men ein fellesfaktor for sakene er at det krevst eit godt lag rundt ungdommen for at dei ikkje skal falle ut av opplæringa. Er det ikkje eit godt lag rundt lærlingen med vilje til å legge til rette for at lærlingen skal klare å fullføre, så er faren for at kontrakten blir heva stor.


Omboda erfarer

Gode lag rundt lærlingane aukar sjansane til å gjennomføre opplæringa. Eit godt lag rundt lærlingen med eit godt system for opplæringa skapar føreseielegheit og tryggleik, som igjen gir gode forutsetningar for fagleg og sosial utvikling. I laget rundt lærlingen skal det vere trygge og tydelege vaksne som kan gje støtte og utfordringar i takt med lærlingen si utvikling. Oppstår det utfordringar i læretida, erfarer omboda at eit godt lag med personar som har ei god relasjon til lærlingen er avgjerande for om lærlingen klarer å handtere utfordringar og fortsette læretida.

Lærekontraktar blir heva utan at det blir gjort tiltak i bedrifta for å forsøke å løyse utfordringane. Ombodet møter heldigvis mange som strekk seg langt for at lærlingen skal kunne gjennomføre opplæringa si i bedrifta. Dessverre møter vi også bedrifter som ganske raskt ønsker å heve kontrakten om ikkje opplæringa går heilt som planlagt eller lærlingen treng ekstra tilrettelegging. Vi ser at haldningar og kunnskap påverkar korleis ein forstår og følger opp ei sak, og vi meiner det i mange hevingssaker kunne vore gjort meir for at lærlingen skal kunne fortsette i bedrifta. Laget må ta seg tid til å sjå på kva som skapar utfordringane, og dei må ta seg tid til å lytte til det lærlingen fortel. Ikkje alle ungdomar som opplever utfordringar tør å seie kva som er vanskeleg, ikkje alle opplever at det er trygt å fortelje og ikkje alle klarer sjølv å sjå kva som gjer at ting blir vanskeleg. Derfor må vi investere tid på å skape trygge arena og å lytte litt ekstra når ting ikkje går heilt slik det var tenkt.

Trakasserings- og arbeidsmiljøsaker der lærlingar er involvert er krevjande for bedrifta å handtere. Dei førespurnadane ombodet får som utmerkar seg spesielt knytt til opplæring i bedrift er saker der utfordringa er knytt til utrygge lærings- og arbeidsmiljø. Lærlingane har same rettar som ordinært tilsette når det kjem til handtering av trakasserings- og arbeidsmiljøsaker gjennom arbeidsmiljølova §4-3, og eit ekstra vern om eit trygt læringsmiljø gjennom opplæringslova §7-10. Likevel erfarer omboda at desse sakene ikkje blir handtert i tråd med lovverket, og at utfallet ofte blir bytte av lærebedrift i staden for at det blir gjort grep knytt til arbeidsmiljø eller kontrakten blir heva. Vi ser at det er krevjande saker for bedrifta å handtere, men vi ser og at det er en stor ubalanse i maktforhold for dei involverte og at det ofte er omsyn til bedrifta og ordinært tilsette som blir prioritert.

Foto: Tingh



6. Førebyggande arbeid

Ei viktig oppgåve for ombodstenestene er å bidra til at barn, elevar og lærlingar får leike, lære og utvikle seg i trygge og gode læringsmiljø, og å førebygge utanforskap og mobbing. Vi jobbar aktivt med å gi informasjon om rettar i barnehage, skole og vidaregåande opplæring, og vi bidreg i kommunale og fylkeskommunale utviklingsarbeid gjennom erfaringsdeling og faglege drøftingar.

I dette kapittelet vil vi presentere noko av det førebyggande arbeidet omboda har bidratt i barnehage - og skoleåret 2023–2024. Gjennom arbeidet vårt med enkeltsaker, ser vi kor avgjerande det er å heile tida jobbe for å skape trygge fellesskap som fremmar helse, inkludering, trivsel og læring, og som førebygger mobbing og utanforskap. Gode system, kompetanse, trygge relasjonar og godt samarbeid mellom aktørane i fellesskapet gir langvarige positive effektar på barn og unge sitt liv.



Førebyggjande arbeid retta mot fokusområda i rapporten

Barnehagelova i praksis Trygt og godt barnehagemiljø	• Foreldremøte, personalmøte • Møte med barnehageeigarar og leiarar • Møte med barnehagelærarstudentar • Deltaking i nasjonale evalueringa av kap. VIII i bhg.lova
Opplæringslova i praksis Trygt og godt skolemiljø	• Foreldremøte, personalmøte • Fagsamlingar med skulesektor • Samarbeid med Livet&Sånn: personalkurs – aktivitetsplikta • Arbeid for ein trygg og meir inkluderande avgangsfeiring
Mobbing og utanforskap	• Møte med barn og unge; elevråd, ungdomsråd, UFT etc. • Foreldremøte, personalmøte • Tverrfaglege fagsamlingar • Samarbeid med Livet&Sånn: tiltakspakke mot mobbing • Samarbeid med MRFK: kompetanseheving av Innsatsteam
Skolefråvær	• Pilot om skolefråvær i regi av Ørsta vgs og Helse MR • Samarbeid med Livet&Sånn: verktøy og ressursar til skolane • Overgangsarbeid – frå ungdomsskole til vgo
Skoledemokrati	• Foreldremøte • Skolebesøk vgs. – elevdemokrati • Elevrådskonferansen 2023 • Samling for elevrådskontakter vgs.
Læringar	• Samling for 1. og 2. års læringar • Samling for faglege leiarar og instruktørar • Samling for opplæringskontor

Minner frå barnehage- og skoleåret 2023–2024



Tverrfagleg samling i
Haram kommune



Fagøkt med studentar på
barnehagelærerutdanninga i
Kristiansund



Ungdommens fylkesting 2024
Kristiansund



Nettverkssamling for
fylkeskommunale ombod i Noreg i
Kristiansund



Elevrådet ved Atlanten
vidaregåande skole 23–24



Peppresentantar for elevane i
fylkeskommunale nemnder
skoleåret 23–24



Innspilling av peronalkurs til Livet&Sånn, Ålesund kommune



Møte med ungdomsråda i Romsdal



Tema for foreldremøte



Nasjonal innspillskonferanse trygg avgangsfeiring



Elevrådskonferansen 2023



Pilotprosjekt ufrivillig skolefravær Ørsta vgs

7. Arbeid på samfunnsnivå

Omboda skal vere ei tydeleg stemme på vegne av barn og unge i samfunnsdebatten og belyse problemstillingar som barn og unge står i. Det gjer vi gjennom lesarinnlegg, deltaking i relevant nasjonalt arbeid og gjennom å svare på regionale og nasjonale høyringar.

Her kan du lese nokon av mediesakene:

- <https://www.rbnett.no/meninger/i/onJQn7/ta-vare-paa-laget-rundt-elevane>
- <https://www.tk.no/endeleg-skolestart/o/5-51-1573270>
- <https://www.nrk.no/mr/ber-foreldra-ta-tak-i-kampen-mot-mobbing-1.17007990>
- <https://www.rbnett.no/nyheter/i/xgG078/mobbeombudet-ikke-overrasket-over-hoeve-mobbetall>
- <https://www.tk.no/flere-mobbes-det-er-ikke-barna-det-er-noe-galt-med-det-er-systemet/s/5-51-1428651>
- [Jobbar for å få trygg overgang frå grunnskole til vidaregåande – Møre og Romsdal fylkeskommune](#)

8. Vegen vidare barnehage- og skoleåret 2024–2025

Mobbeombodsordninga

Den nasjonale ordninga med fylkesvise mobbeombod har vore ei prøveordning sidan 2018. Kunnskapsdepartementet (KD) gav i Utdanningsdirektoratet (Udir) i oppdrag å «samordne eksisterende tiltak for å bygge inkluderende, trygge og gode barnehage- og skolemiljø og vurdere nye behov» (Oppdrag 2022-041). Eit av dei 6 deloppdraga var å vurder og kome med forslag til korleis ei permanent mobbeombodsordning bør organiserast og kva som skal vere mandatet for ordninga. Udir har svart på oppdraget, og vi ventar nå på svar frå KD. Det er per 08.11.24 knytt stor uvisse til kva som vil skje vidare med mobbeombodsordninga. Det er lagt inn midlar til mobbeombodsordninga i forslag til statsbudsjett for 2025 på tilsvarande nivå som for 2024.

Mobbeombodet vil jobbe etter gjeldande mandat og samarbeide tett med elev- og lærlingombodet med å hjelpe og støtte barn, elevar, lærlingar og føresette som tar kontakt med oss. Vi vil bidra med informasjon og erfaringsdeling i det førebyggjande arbeidet og jobbe for barn og unge sine rettar og snakke deira sak på ulike nivå i forvaltninga og samfunnet

Elev- og lærlingombodet

Som det er nemnd tidlegare, er den nye opplæringslova ein god moglegheit til å sjå på kva praksis det er knytt til ulike område i lova. Elev- og lærlingombodet har eit godt etablert samarbeid dei vidaregåande skolane og mange av opplæringskontora i fylket, og gjennom dette arbeidet vil vi følgje opp arbeid med endringar i opplæringslova, anbefalingane i denne rapporten og inkludering spesielt.

Kjelder

¹ Deloitte (2024): [Barnehagesektorens forståelse, implementering og etterlevelse av barnehageloven kap. VIII Psykososialt miljø](#)

² Mobbeombodet og Elev- og lærlingombodet i Møre og Romsdal: [Årsrapport 21-22 og 22-23](#)

³ Mobbeombodet og Elev- og lærlingombodet i Møre og Romsdal [Årsrapport 2021-2021](#)

⁴ Kjeøy og Lysvik (2023): [FAFO-rapport 2023:13](#): Kunnskapsstatus om bekymringsfullt fravær i skolen

⁵ Helsedirektoratet.no: [Nasjonal veileder](#): Samarbeid om tjenester til barn, unge og deres familier

⁶ [Flere kvinnelige lærlinger i mannsdominerte utdanningsprogram – SSB](#) (26.08.24)

⁷ Statistikk, Møre og Romsdal fylkeskommune



Møre og Romsdal
fylkeskommune
